

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Vår dato: 30.08.2016  
Vår ref.: 201202906-4  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 10.06.2016  
Dykkar ref.: 2013/1601-221

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes

## Motsegn til områderegeringsplan for Kleppestø sentrum - Plannr 213 Askøy kommune

Vi syner til brev frå Askøy kommune datert 10.06.2016. Saka gjeld offentlig ettersyn av områderegeringsplan for Kleppestø sentrum. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for utvikling av Kleppestø sentrum.

**NVE har motsegn (jf. PBL §5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at potensiell skredfare mot planlagde byggeområde ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Dersom det vert gjennomført ei faresonekartlegging og konklusjonar frå denne blir innarbeidd i plankart og føresegner, fell grunnlaget for motsegna bort.**

I plankartet er det markert to omsynssoner H310 Ras- og skredfare. Det går ikkje fram kva som er lagt til grunn for avgrensinga av omsynssonene, bortsett frå følgjande tekst i ROS analysen:

*«Flere områder ligger innenfor aktsomhetsområder for steinsprang. Flere av områdene er bebygd i dag og det er gjennomført sikring. Nye tiltak planlegges ved områdene Løffjellet og Energigården. Det er innarbeidet hensynssoner for disse områdene og satt bestemmelser om krav til geologiske undersøkelser»*

Det går ikkje fram kva som er kjelda for dei nemnde aktsemdområda, og omsynssonene. Dei samsvarar ikkje med dei nasjonalt dekkande aktsemdkarta. Vi kjenner til at NGI har utarbeidd aktsemdkart for steinsprang for Askøy kommune basert på kartdata med høgare oppløysing, men desse karta har mange fleire aktsemdområde enn kva som er markert som omsynssoner i plankartet.

I tillegg til dei to omsynssonene Ras- og skredfare er det teke inn ei føresegn (pkt. 5.8.1) som følgjer:

*«Alle skråninger brattere enn 35 grader (kildeområde) med tilhørende utløpsområde (i henhold til temakart tilknyttet Kommuneplanens arealdel 2012 – 2023) er mulige fareområder for steinsprang. Det kreves geologisk undersøkelse før arealer kan vurderes utnyttet til bebyggelse med rom for varig opphold.»*

*Krav til geologisk undersøkelse gjelder ikke for tiltak på eksisterende bebyggelse med rom for varig opphold, med mindre tiltaket medfører økning av antall bruksenheter.»*

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvieien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

NVE meiner at ROS analysen, og omsynet til skredfare i plankart og føresegner, har vesentlege manglar som kommunen må rette opp før planen vert slutthandsama.

Det står klart for oss at det er fleire område innanfor plangrensene enn dei to omsynssonene som er/kan vere utsett for skredfare. I følgje mellom anna KMD sin reguleringsplanrettleiar skal fareområde alltid syne i plankartet som omsynssoner. Det er såleis ein mangel at ikkje alle desse er markert i plankartet som omsynssoner. Ein må og ta omsyn til skredfare i byggesakene også når området er eit eksisterande utbygd område.

Vi meiner vidare at kommunen bør gjere ein grundigare jobb i arbeidet med ROS analysen når det gjeld å vurdere skråningar som kan utgjere ein skredfare. Det bør utarbeidast eit hellingskart for å avdekke potensielle lausneområde for alle skredtypar i bratt terreng.

Hellingsintervall for hellingskart	
0 - 25	
25 - 30	Mogleg lausneområde for jordskred
30 - 45	Mogleg lausneområde for jordskred og snøskred
45 - 60	Mogleg lausneområde for snøskred og steinsprang
60 - 90	Mogleg lausneområde for steinsprang

Utgreiing av naturfare på reguleringsplannivå skal utgreie reell fare. Utgreiing av skredfare skal identifisere og avgrense fareområde i samsvar med grenseverdiane i Byggteknisk forskrift (TEK10) §7-3. Fareområde som skal merkast i plankartet som omsynssone vert då areal som ikkje tilfredsstiller grenseverdiane i TEK10 §7-3. For nærare informasjon rundt dette syner vi til DIBK sin nye nettbaserte temarettleiar «Utbygging i fareområde», og NVE retningsline 2/2011, «Flaum- og skredfare i arealplanar»

Det er ikkje gjennomført faresonekartlegging. NVE meiner at dette må gjerast. Vi har merka oss at det er sett krav om detaljreguleringsplan i BB1 S9, S12, S13 og S14 og at slik faresonekartlegging kan gjennomførast i samband med desse prosessane. Det er likevel så sterke indikasjonar på at det er naudsynt med avklaring av skredfare i fleire område enn desse byggeområda at vi meiner slik kartlegging må gjennomførast no.

NVE har og merknader til føresegnene sin pkt. 5.8.1, referert over. I TEK10 §7-3 er det gjeve grenseverdier/akseptkriterium for tre ulike tryggingssklassar S1 – S3. Også for byggverk utan personopphald er det krav til dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik. Ein kan såleis ikkje avgrense slike vurderingar til å gjelde berre for byggverk med personopphald. Ein kan heller ikkje gi generelt unntak for dokumentasjon av tilstrekkeleg tryggleik for tiltak på eksisterande byggverk så lenge det ikkje vert oppretta nye bueiningar. For tiltak på eksisterande bygg syner vi til at frå 01.01.2016 vil 1 tilbygg/påbygg/underbygg på inntil 50 m<sup>2</sup> BRA i byggverkets levetid, og bruksendring/ombygging inntil 50 m<sup>2</sup> høyre til tryggleiksklasse S1. Også her vil det vere naudsynt å dokumentere tilstrekkeleg tryggleik.

Utfordringar med dokumentasjon i høve til skredfare kan løysast gjennom ei fagkyndig vurdering av skredfare for alle skråningar med potensiell skredfare. Faresoner må markerast på plankartet som omsynssoner. Til omsynssonene må det knytast føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad, dvs. anten forbod mot utbygging og/eller krav om gjennomført sikringstiltak

**før utbygging. NVE har motsegn til områdereguleringsplan for Kleppestø sentrum inntil det er gjennomført ei fagkyndig utgreiing/kartlegging av skredfare for alle område der skredfare ikkje kan utelukkast, og konklusjonane er innarbeidd i plankart og føresegner.**

Nordaut i planområdet finn vi Vatnavatnet. I plankartet er vatnet avsett som o\_P2 Park (PBL §12-5 nr.3). NVE kan ikkje sjå at det er ein intensjon i planen å fylle igjen vatnet. Etter vårt syn bør det synleggjerast i planen at det framleis skal vere vasspegel i området. Den tydelegaste måten å gjere dette er å regulere vassflata til PBL §12-5 nr. 6, Bruk og vern av sjø og vassdrag.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

Askøy kommune